

## Innkalling til møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 1. februar 2021 kl. 13.00-15.00

Sted: Zoom:

Meeting URL: <https://uib.zoom.us/j/63941788336?pwd=UGN1OWV2ekM4bmdkMzlHU1lkTy9iZz09>

Meeting ID: 639 4178 8336

Password: fqB81zi2

Til: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Erik Bjerck Hagen (allmenn litteraturvitenskap), Peter Svare Valeur (vara allmenn litteraturvitenskap) Scott Rettberg (digital kultur), Daniel Jung (vara digital kultur), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Agnetha Nesse (nordisk språk), Frode Helmich Pedersen (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Matti Wiik (klassisk), Ilka Wunderlich (norskursa), Endre Brunstad (lektorutdanninga), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant), Sarita Helen Øygard (studentrepresentant)

### Saksliste

UUI-sak 1/21: Godkjenning av innkalling og saksliste .....	1
UUI-sak 2/21: Orienteringssaker .....	1
Orienteringssak 1: Referat fra førre møte .....	1
Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar .....	3
Orienteringssak 3: Ressursbudsjettinger for hausten 2021 .....	3
Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar for hausten 2021 .....	4
Orienteringssak 5: Seminar for fagkoordinatorar ved LLE .....	4
UUI-sak: 3/21 Drøftingssaker .....	4
Drøftingssak 1: Kjeldebruk og plagiat i eksamenstest .....	4
UUI-sak 4/21: Ymist .....	4

### UUI-sak 1/21: Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

### UUI-sak 2/21: Orienteringssaker

#### Orienteringssak 1: Referat fra førre møte

Referatet er godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Tid: Måndag 30. november kl. 09.00-11.00

Stad: Zoom

Til stades: Heming Helland Gujord (undervisningskoordinator), Koenraad De Smedt (språkvitskap), Agnetha Nesse (nordisk språk), Christine Hamm (nordisk litteratur), Keld Hyldig (teatervitskap), Aidan Conti (klassisk), Bente Knold Kiilerich (kunsthistorie), Ilka Wunderlich (norskursa), Signe Nilssen (sekretær), Arnt Robert Leganger (studentrepresentant), Markus Pold (studentrepresentant)

Ikkje møtt: Erik Bjerck Hagen, Endre Brunstad, Rolf Beev

Observatørar: Frida Bakke Hope og Helga Ramstad Vatsaas frå studieadministrasjonen

Studentmentorar: Tina S. Lerum, Daniel Johannes Rosnes, Emily Engedahl

Saksliste

UUI-sak 22/20: Godkjenning av innkalling og saksliste 1

UUI-sak 23/20: Orienteringssaker 1

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte 1

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar 2

Orienteringssak 3: Mandat for fagkoordinatorar 2

UUI-sak: 24/20 Drøftingssaker 3

Drøftingssak 1: Møte med mentorar for førsteårsstudentar ved LLE hausten 2020 3

Drøftingssak 2: Samarbeid på tvers av fagmiljø 4

UUI-sak 25/20: Vedtakssaker 4

Vedtakssak 1: Møtedatoar for 2021 4

UUI-sak 26/20: Ymist 4

UUI-sak 22/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: UUI godkjenner innkalling og saksliste.

UUI-sak 23/20: Orienteringssaker

Orienteringssak 1: Referat frå førre møte

Godkjent på sirkulasjon i etterkant av førre møte.

Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene fekk tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet:

Markus: Det var kjekt at mentorane var med no. Det er openbert varierande med oppmøte i mentorgruppene, og det same gjeld i undervisninga. Det er vanskeleg å vite korleis det påverkar dei ulike. Emneevalueringane bør undersøke kva folk ønsker seg i undervisninga og elles.

Arnt Robert: Vi må sjå på studenttilbakemeldingar og gjennomføring av eksamen for dette semesteret.

Agnete: Eg har ikkje så mykje nytt å melde. No er vi i eksamensperioden. Det går som det går. Etter pausen med undervisning knytt til praksis, var vi på han att. Det valdar litt problem å brått legge om til kort heimeeksamen når vi hadde fått lov å ha skuleeksamen på ISL103.

Bente: Ikkje så mykje nytt sidan sist. Vi har vore opptatte av å planlegge vårens oppgåver. No les vi eksamenssvar. Det er vanskeleg å seie noko om korleis semesteret har gått. Vi har fått fleire studentar sidan det ikkje er obligatorisk oppmøte. Problematisk for studentane med mangel på tilgang til biblioteket og på høve til å skrive ut.

Aidan: Vi overlever semesteret. Vi har emne som har mange påmelde studentar, men ganske få som tar eksamen. Vi har eitt emne der det var få som kom til forelesingar, men mange som tok eksamen. Eg prøver å finne ut kvifor, men det er vanskeleg å seie. Ein kan sjå på oppgåvene at studentane har mangla ressursar frå biblioteket.

Christine: biblioteket er viktig. På prosjektførebuande har vi skriveverkstad, og der fekk vi gått gjennom oppkopling til digitale ressursar. Vi bør ha litt fokus på enkle hjelpemiddel. Det kan vere viktig no. Vi har hatt eit ekstratilbod med zoom-møte med spørsmålstimene sidan eksamen blir litt annleis enn vi tenkte. Det er mange som tar eksamen, det ser ikkje kritisk ut.

Ilka: Vi er på slutten av undervisninga. Det er eksamen denne veka. Vi sökte om å få saleksamen på kursa våre. Vi fekk lov til å ha saleksamen på trinn tre. Bestått eksamen kan gi folk tilgang til å ta høgare utdanning og til å utøve yrket sit. Vi har gått frå karakterskala til greidd/ikkje greidd og har utvida munnleg eksamen til å få teste ferdighetene betre. NOR-INTRO blei gjennomført på «normalt» vis, og her er emneevaluering gjennomført. Studentane føretrekker klasseromsundervisning. Litt fråfall, men ikkje større enn elles.

Koenraad: Vi held på med emneevalueringar. Vi har fått inn ei evaluering. 60% vil ha klasseromsundervisning. 40% er likegyldige. Vi hadde problem med Inspera i går.

Keld: Det har gått relativt greitt med den digitale undervisninga. Veit ikkje kva evalueringa seier. Greitt å innleie med fysisk undervisning for fagleg tilknyting. Blir spanande å sjå kor mange som gjennomfører. Er redd det blir svakare resultat. Håpar vi får ha noko fysisk undervisning til våren.

Orienteringssak 3: Mandat for fagkoordinatorar

Mandatet for fagkoordinatorar har blitt drøfta i UUI og lagt fram for leiargruppa og fakultetet. Det skal tre i kraft frå og med våren 2021 og skal evaluerast mot slutten av haustsemesteret 2021. Undervisningskoordinator Heming Helland Gujord orienterte.

Innspel frå Aidan Conti om at det kanskje ikkje var så heldig med evaluering hausten 2021 sidan det er mange fagkoordinatorar som blir bytta ut etter sommaren.

UUI-sak: 24/20 Drøftingssaker

Drøftingssak 1: Møte med mentorar for førsteårsstudentar ved LLE hausten 2020

Alle mentorane som har tilsettning knytt til LLE sine studieprogram, blei inviterte og tre av mentorane møtte.

Emily Engedahl (lektorutdanning i nordisk)

Tina S. Lerum (kunsthistorie)

Daniel Johannes Rosnes (digital kultur)

Alle melder tilbake at Teams har fungert dårlig som kommunikasjonskanal, og at studentane ikkje har hatt Teams installert.

Kommunikasjonen blei raskt flyttet over til Facebook for mange. Studentane held seg til Mitt UiB i mest all anna kommunikasjon, og har då forventa å finne informasjon i - og kommunisere via denne plattforma. Mentorane sjølve ynskjer òg at Mitt UiB blir hovudkommunikasjonskanal.

Mentorane melder tilbake om godt oppmøte til å begynne med, men deltaginga raste betrakteleg ned etter den første nedstenginga, og dei kom ikkje tilbake etter at fysisk undervisning starta opp att. Kunsthistorie si gruppe var heldige for der blei studentane raskt ei gruppe. Her har dei same studentane møtt jamleg opp, og derson dei ikkje har hatt høve til å kome, har dei gitt beskjed. Men tilbakemeldingar frå studentane går på at sidan så mykje av programmet har blitt digitalt, så har dei ikkje rokke å bli kjende med dei dei er i gruppe med, og det har vore vanskeleg å kjenne dei att på fysiske forelesingar. Det kunne til dømes ha vore nokon «bli kjend»-aktivitetar i forelesning for å ta opp tråden.

Studentane har gitt tilbakemeldingar om at dei saknar det faglege, og at enkelte ikkje ser nytteverdet i ordninga. Noko av grunnen til at det har gått betre på kunsthistorie, kan vere at mentorane tidleg sette gruppa i kontakt med fagutvalet. Mentorane har opplevd at studentane har hatt andre typar spørsmål enn dei kjende seg førebudde på. Det var ein god del spørsmål om ex.phil og ex.fac, og andre praktiske spørsmål.

Mentorane synest opplæringa har vore god, men dei synest dei har fått litt blanda tilbakemeldingar om kva rolla skulle innebere. Det hadde vore fint om ein starta opplæringa med praktiske opplysingar før ein gjekk over på mentorfaglege tema.

Oppsummert er det tydeleg at korona har skapt større problem enn ein kanskje hadde tenkt. Studentar og mentorar ynskjer ein annan kanal for kommunikasjon enn Teams. Eit større fokus på praktiske utfordringar i semesterstart og tidleg kontakt med fagmiljø og fagutval er ynskeleg.

Saka blei drøfta før orienteringssak 2.

#### Drøftingssak 2: Samarbeid på tvers av fagmiljø

Fagkoordinatorane fekk ei bestilling 16. oktober om å melde inn aktuelle område for utveksling av undervisningskrefter. Fagmiljøa har meldt inn, og tilbakemeldingane er samanfatta i vedlagte skriv. Undervisningskoordinator Heming Helland Gujord innleia.

UUI: Det er ynskeleg med ein dialog vidare med leiinga om dette. Det bør ikkje vere eit pressmiddel, og initiativ til samarbeid og utveksling bør vere initiert av fagmiljøa sjølv. Det bør først vere ein fagleg gevinst, som kan bli ein ressursgevinst på sikt. Det krev òg ei samforståing av kva fagets og emnets innhald er før ein hentar inn undervisningskrefter frå nærskyld fagmiljø.

Vi tar desse innspela med i arbeidet vidare.

#### UUI-sak 25/20: Vedtakssaker

##### Vedtakssak 1: Møtedatoar for 2021

1. februar

15. mars

3. mai

14. juni (ved behov)

6. september

25. oktober

6. desember

Vedtak: UUI godkjenner møtedatoane for 2021 med klokkeslett 14.00-16.00.

#### UUI-sak 26/20: Ymist

Ingen saker var meldte.

#### Orienteringssak 2: Status for fagmiljø og studentar

Alle UUI-medlemene får tre minutt kvar til å orientere om stoda i fag- og studentmiljøet.

#### Orienteringssak 3: Ressursbudsjettering for hausten 2021

Vi skal i gang med ressursbudsjettering for hausten 2021. Instituttleinga ynskjer å utarbeide eit meir lettvint verktøy for ressursbudsjettering. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

#### Orienteringssak 4: Undervisningsassistentar for hausten 2021

I samband med utarbeiding av ressursbudsjetta, vil vi òg at de tenkjer over behov for undervisningsassistentar til hausten. Vi har alt fått nokre søknader, og vi har fått ekstra midlar frå fakultetet. Kriteria er at assistentane blir brukte til opplegg som kjem i tillegg til den undervisninga som er fastsett i emneplanen. Studieiar Signe Nilssen orienterer.

#### Orienteringssak 5: Seminar for fagkoordinatorar ved LLE

Instituttleiinga ynskjer å arrangere eit seminar for nye og erfarne fagkoordinatorar ved LLE. Undervisningskoordinator Heming H. Gujord orienterer.

#### UUI-sak: 3/21 Drøftingssaker

##### Drøftingssak 1: Kjeldebruk og plagiat i eksamensvar

Vi har hatt fleire saker der studentar har blitt mistenkte for plagiat i haust. Noko må skuldast uklare beskjedar frå fagmiljøet. Konkrete utfordringar i haust har t.d. vore at studentane har fått beskjed om at dei ikkje treng å føre opp kjelder frå pensum i eksamensvara sine, og at studentar har fått beskjed om at semesteroppgåver på masternivå i sin heilskap kan nyttast i masteroppgåva.

Dette kan i verste fall føre til at studentar som har handla i god tru, risikerer å bli utestengt frå heile universitets- og høgskulesektoren i eitt år, og få eksamensresultatet sitt annullert.

Undervisningskoordinator Heming H. Gujord innleier.

##### UUI-sak 4/21: Ymist